

EVALUERING FOR Å MØTE UTFORDRINGANE I DET TIDLEGE 21. ÅRHUNDRE

EVALUERING AV DET KOMPLEKSE

Konferanse i Oslo,
29.–30. mai 2008

Norads evalueringsavdeling og Høgskolen i Oslo vil arrangere ein to dagers konferanse om å evaluere det komplekse.

Ein kan argumentere for at samfunnet har blitt meir komplekst. Fleire faktorar vil for eksempel påverke utforminga av skulepolitikken i skandinaviske land i dag enn for 40 år sidan. Ein kan her nemne den multikulturelle dimensjonen i samfunnet. På same måten må fleire aspekt vurderast når ein støtter tiltak for å redusere fattigdommen i Afrika. Globalisering fører til auka kompleksitet. Andre vil argumentere for at det berre er vår forståing av samfunnet som har blitt meir komplekst.

Kva vi enn vel å tru har ei slik utvikling ført til ein debatt innafor samfunnsvitskapen om kva som utgjer eit godt grunnlag for evidens. Korleis evaluerer vi overgripande policy-initiativ og samansette program? Er det mogleg for evaluatarar å forenkle og fokusere på det essensielle utan å undergrave kvaliteten av evalueringa?

Målgruppa for denne konferansen er folk som arbeider med evaluering på ulike nivå, slik som evaluatarar, forskarar, administratorar og brukarar. Programmet er laga slik at det skal vere interessant både for dei som jobbar med evaluering i ein skandinavisk kontekst og for dei som jobbar innafor bistand.

HOVUDTALARAR

Michael Q. Patton er ein av dei fremste internasjonale ekspertane innanfor evalueringsmetode og har mottatt fleire internasjonale priser for arbeidet. Han var tidlegare professor i sosiologi ved Universitetet i Minnesota og president i American Evaluation Association.

Peter Dahler-Larsen, er professor i statsvitenskap ved Syddansk Universitet i Danmark og har studert evalueringar av offentlige organisasjonar med utgangspunkt i eit institusjonelt og kulturelt perspektiv.

Robert Picciotto er professor ved King's College in London og har lang erfaring frå arbeid innafor utviklingssektoren, bl.a. frå tida som generaldirektør for evaluering i Verdsbanken. **Jim Rugh** har over 40 års erfaring med utviklingsarbeid, og har i de siste 25 åra arbeida med evaluering, seinast som evalueringsdirektør i CARE International.

Medforfattar av boka Real World Evaluation (2006).

PROGRAM

Gjennom plenum, parallelle sesjonar og paneldebattar vil vi diskutere følgjande:

- Korleis kan ein evaluere overgripande policy-initiativ?
- Kva tilnærmingar finst for å inkludere sårbare grupper i evaluering?
- Korleis evaluerer ein i ulike kulturelle samanhengar?
- Korleis kan ein betre knytte evaluering til politikktutforming?
- Er evidens svaret på dei metodiske utfordringane vi står overfor?
- Er impact-evaluering mogleg? Kva metodar kan brukast?

PRAKTISK INFORMASJON:

Tid/Stad: 29.–30. mai 2008, Høgskolen i Oslo, Pilestredet 35, Oslo

Påmelding: [Klikk her](#)

Deltakar avgift: NOK 600 (inkluderer lunsj begge dagane)

Språk: Engelsk (norsk i enkelte av parallell sesjonane)

Overnatting: Deltakarane er sjølve ansvarleg for å ordne dette.